


oppdragsmelding



NINA

Utlendingar i Noreg,
ved 6000 av dei
Om bruksmønster og
miljøpreferansar

Odd Inge Vistad
Marit Vorkinn
Bjørn P. Kaltenborn

Utlendingar i Noreg,
ved 6000 av dei
Om bruksmønster og
miljøpreferansar

Odd Inge Vistad
Marit Vorkinn
Bjørn P. Kaltenborn

Vistad, O.I., Vorkinn, M. & Kaltenborn, B.P. 1993. Utlendingar i Noreg, ved 6000 av dei.
Om bruksmønster og miljøpreferansar. - NINA Oppdragsmelding 253

Lillehammer, desember 1993

ISSN 0802-4103
ISBN 82-426-0431-2

Forvaltningsområde:
Norsk: Friluftsliv, reiseliv
Engelsk: Outdoor recreation, tourism

Rettighetshaver:
Norsk Institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteres fritt med kildeangivelse

Redaksjon:
Tore Bjerke, NINA Lillehammer

Design og layout:
Odd Inge Vistad, NINA Lillehammer

Kari Sivertsen, Tegnekontoret NINA

Trykk: Lillprint AS, Lillehammer

Opplag: 100

Kontaktadresse:
NINA
Tungasletta 2
7005 Trondheim
Tel: 73 58 05 00

Forord

Denne rapporten er laga som ein del av prosjektet "Naturturisme og naturforvaltning" - eit samarbeidsprosjekt mellom Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Nærings- og Energidepartementet (NoE). Prosjektet starta i 1989 og skal slutførast i 1994. Formålet er å sjå på fellesinteresser og konflikhtar mellom reiselivs- og miljøverninteressene. Ansvar for gjennomføringa er lagt til Norsk Institutt for Naturforskning, friluftslivsgruppa på Lillehammer.

Når denne rapporten går i trykken, har alle tre forfattarane gått over til Østlandsforskning. Spørsmål om innhaldet må difor rettast til Østlandsforskning, Postboks 1066, Skurva, 2601 Lillehammer, tlf. 61 26 03 01.

Lillehammer, desember 1993.

Bjørn Petter Kaltenborn, Marit Vorkinn, Odd Inge Vistad

Innhald

Forord	3
Innhald	4
1 Bakgrunnen for rapporten. Datagrunnlag	7
1.1 Jostedalsbreen og områda rundt, 1989	9
1.2 Briksdalen, 1990	9
1.3 Sjødalen, 1990	10
1.4 Stabbursdalen, 1990	10
1.5 Svalbard, 1989	11
1.6 Jotunheimen, 1992	11
2 Nasjonalitet, naturinteresse og tilrettelegging	12
2.1 Koplinga nasjon - attraksjon	12
2.1.1 Jostedalsbreen	12
2.1.2 Briksdalen	14
2.1.3 Sjødalen	15
2.1.4 Stabbursdalen	17
2.1.5 Svalbard	21
2.1.6 Jotunheimen	22
2.2 Koplinga nasjon - friluftaktivitet	22
2.2.1 Jostedalsbreen	22
2.2.2 Briksdalen	24
2.2.3 Sjødalen	25
2.2.4 Stabbursdalen	25
2.2.5 Svalbard	26
2.2.6 Jotunheimen	26
2.3 Koplinga nasjon - miljøpreferanse/ønskje om tilrettelegging/"urørthet"? ...	26
2.3.1 Jostedalsbreen	26
2.3.2 Briksdalen	28
2.3.3 Sjødalen	30
2.3.4 Stabbursdalen nasjonalpark	30
2.3.5 Svalbard	31

2.3.6 Jotunheimen	32
3 Reiselivsmessige data	32
3.1 Oppholdstid i Noreg og tid borte frå heimen	32
3.1.1 Jostedalsbreen	32
3.1.2 Briksdalen	33
3.1.3 Sjodalen	33
3.1.4 Stabbursdalen	33
3.2 Reisefølge	34
3.2.1 Jostedalsbreen	34
3.2.2 Briksdalen	34
3.2.3 Sjodalen	35
3.2.4 Stabbursdalen	35
3.2.5 Jotunheimen	35
3.3 Tidlegare kjennskap til området / Noreg	35
3.3.1 Jostedalsbreen	35
3.3.2 Briksdalen	36
3.3.3 Sjodalen	36
3.3.4 Stabbursdalen	36
3.3.5 Svalbard	37
3.3.6 Jotunheimen	37
3.4 Planlegging av turen	38
3.4.1 Jostedalsbreen	38
3.4.2 Briksdalen	38
3.4.3 Sjodalen	38
3.4.4 Stabbursdalen	39
3.5 Friluftslivserfaring	39
3.5.1 Jostedalsbreen	39
3.5.2 Briksdalen	40
3.5.3 Sjodalen	40
3.5.4 Stabbursdalen	40
3.5.5 Svalbard	41
3.5.6 Jotunheimen	41
4 Konklusjonar	42
4.1 Oppholdstid og attraksjon	42

4.2 Val av friluftaktivitetar	43
4.3 Miljøkrav og informasjonsbehov	43
4.3.1 Miljøpåverknad	43
4.3.2 Tilrettelegging	44
4.3.3 Informasjon	45
4.4 Tidlegare område- og Noregserfaring	45
4.5 Friluftslivserfaring	46
5 Litteratur	46

1 Bakgrunnen for rapporten. Datagrunnlag

Dette er ein rapport om utanlandske turistar i Noreg - deira bruks- og aktivitetsmønsteret, opphaldstid, vurdering av attraksjonar og tilretteleggingskrav i samband med naturoppleving.

Rapporten er laga på bakgrunn av eksisterande datasett frå ulike undersøkingar som er gjennomført ved NINA-Lillehammer, først og fremst i samband med prosjektet "Naturturisme og Naturforvaltning". I tillegg har vi med data frå ei brukarundersøking på Svalbard i 1989, og ei i Jotunheimen sommaren 1992. Rapporten omfattar utlendingars bruk av ulike naturmiljø og av ulike landsdelar. Alle undersøkingane gjeld sommarsesongen, og dei er lagt til naturområde som har spesiell verneinteresse og/eller reiselivsinteresse. Denne rapporten skal altså ikkje gje eit bilete at utanlandske turistar generelt i Noreg.


Dei ulike delundersøkingane og delområda vert presenterte nedanfor - både når det gjeld formålet med undersøkinga og kva for populasjonar/utval som er med. Kvar delundersøking er lagt opp etter sine spesielle problemstillingar, som gjer at ikkje alle deltema i denne gjennomgangen kan presenterast like utførleg for kvar undersøking. Her blir det også berre plass til ein kort presentasjon. For fyldigare gjennomgang syner vi til rapportane frå dei enkelte delprosjekta.

Omgrepa 'natur' og 'naturattraksjon' kjem stadig att i denne rapporten. Store samleomgrep som nettopp 'natur' og 'kultur' er blant dei mest upresise og fleirtydige omgrepa vi har i språket, og i denne samanhengen har vi bevisst ikkje definert dei nærare. Det er både fordi dei ulike grunnlagsrapportane har sett på ulike "sider ved naturen" og også fordi brukarane/turistane legg sine egne og gjerne ulike tydingar inn i natur-omgrepet og i kva som ligg i naturoppleving og naturbruk. Dette er tema som vi har gått vidare med i ei undersøking sommaren 1993 blant turistar på veg til Nordkapp. Denne vil bli rapportert i løpet av 1994.

Det er gjort mange undersøkingar blant utanlandske turistar i Noreg, t.d. ved Oppland Distriktshøgskole, Finnmark Distriktshøgskole og Norges Handelshøgskole, Bergen. Denne rapporten kunne vore ytterlegare utbygd ved å gå inn i samanliknande analysar med ulike reiselivsundersøkingar, men det ligg utover ambisjonane for arbeidet. Det blir difor opp til lesaren å relatere våre resultat til det andre har dokumentert.

Rapporten er veldig summarisk og tar t.d. nasjonstilknytning som utgangspunkt både for presentasjonen og for den faglege diskusjonen. Dette kan i seg sjølv vere ei diskutabel

tilnærming, sjølv om det finst både forskingsresultat (t.d. Kellert 1993) og ymse "personlege erfaringar" i t.d. reiselivsnæringa for at personar frå ulike nasjonalitetar oppfører seg ulikt, har ulike verdiar/haldningar, søker ulike opplevingar eller forhold seg til naturmiljøet på ulike måtar. Ambisjonane for dette arbeidet er berre å beskrive eventuelle mønster, ikkje å forklare kvifor eventuelle mønster er som dei er. Med det utgangspunktet meiner vi nasjonalitetstilnærminga er akseptabel.



Figur 1.1 Lokalisering av studieområda

1.1 Jostedalsbreen og områda rundt, 1989

(Vorkinn 1992)

Formålet med dette prosjektet var å få eit breitt bilete av kven som brukar Jostedalsbreen-området - omfanget og potensialet - før Jostedalsbreen Nasjonalpark vart oppretta. Dette prosjektet omhandlar både fotturistar inn til og opp på breen, samt fritidsbilistar på sideveggar og hovudveggar omkring breen (Jostedalen, samt ved riksvegane 55 og 60).

Utval / utlendingar:

- 1) **Fritidsbilistane** på hovudvegane rundt breen (N=853), der 51 % av dei intervjuar var utlendingar.
- 2) **Fritidsbilistar i Jostedalen** (N=413), der det var ein større del utanlandske bilistar (62 %) enn på hovudvegane nord og sør for breen.
- 3) Dei som vart registrerte i sjølvregistreringskassene **langs stlane inn mot breen** (N=2827), der 60 % var utlendingar.

1.2 Briksdalen, 1990

(Aas & Vorkinn 1991)

Formålet med denne undersøkinga var å kartleggje korleis ulike brukargrupper forholdt seg til fire potensielle tiltak for å lette og betre opplevinga av Briksdalsbreen.

Utval / utlendingar:

I Briksdalen var det 68 % utlendingar (av N=702), 7 % kom frå Norden. Dette er ei prosentvis fordeling etter vektning av ulike brukargrupper i utvalet: private / organiserte reisande, kopla mot gåande / hesteskyss inn mot breen. Det faktiske talet intervjuar var større, og det var særleg ei overvekt av utlendingar. I denne rapporten vart utlendingane oftast analyserte som representantar for sine eigne nasjonar eller nasjonsgrupper. Vi har difor med heile bruttoutvalet (N=792); der av 76 % utlendingar. Poenget her er meir å få fram karakteristika for kvar nasjon/nasjonsgruppe, enn å kvantifisere den presise fordelinga mellom ulike nasjonar.

1.3 Sjødalen, 1990

(Vorkinn 1993)

Formålet med Sjødals-prosjektet var å sjå på effekten av ulike tiltak for å regulere fricamping¹ i dalen, både sett frå forvaltninga og brukarane sin synsstad.

Data-materialet er henta frå før-undersøkinga. Denne dokumenterer m.a. bruken før reguleringane kom og presenterer kva for krav og ønskje fricamparane har. Kvifor vert det fricampa / brukt campingplassar? Kva for krav stiller folk til leirplassen? osv.

Utval:

Både dei som nytta campingplassar og dei som "campa fritt" vart intervjua. Blant utlendingane vart heile intervjuet gjort i Sjødalen. Dei norske camparane fekk tilsendt eit større spørjeskjema i posten.

Det var 34 % utlendingar blant camparane i Sjødalen sommaren 1990 (N=670). Blant (dei intervjua) utlendingane var det lik fordeling mellom dei som campar på campingplass og dei som campar utanfor.

1.4 Stabbursdalen, 1990

(Vistad & Vorkinn 1992)

Formålet for prosjektet var å evaluere gjennomføringa og effekten av ulike tiltak i forvaltningsplanen for Stabbursdalen nasjonalpark. Registreringane i 1990 skulle kartleggje tilstanden før planen vart sett ut i livet: kven er brukarane, korleis brukar dei parken, preferansar for miljøtilstand og forvaltning m.m.

Utval / utlendingar:

1) Brukarane av nasjonalpark-området vart valde ut gjennom sjølvregistreringskasser og ved sal av fiskekort (N=652). Det var det ei klar overvekt av nordmenn (86 %). Utlendingane blir her delt inn i 1) Svenskar og danskar, 2) Finnar 3) Tyskarar, og 4) Andre utlendingar. Desse underutvala er så små at ein må lese resultatata med varsemd.

¹ Med "fri-camping" er det her meint camping utanfor ordinære campingplassar.

2) Det vart også gjort bilistintervju langs E 6, både for å vurdere attraksjonskrafta til Stabbursdalen "i dag", og potensialet for bruk av parken. Blant **fritidsbilistane** langs E 6 forbi Stabbursdalen (N=701), var tre fjerdedelar utlendingar.

1.5 Svalbard, 1989

(Kaltenborn 1992)

Formål:

Denne undersøkinga vart m.a. gjort for å samle brukardata som grunnlag for ein forvaltningsplan for friluftsliv og turisme på Svalbard. Undersøkinga vart gjort blant turistar på Svalbard.

Turistane vart intervjuet etter gjennomført tur på Svalbard hausten 1989 (N=402). Utlendingane dominerer blant turistane på Svalbard (70 %), men med mest berre europeiske land representerte. Den største gruppa utlendingar er tyskarar (18 %).

1.6 Jotunheimen, 1992

(Vorkinn og Kaltenborn unpubl.)

Her var **formålet** å få ein oversikt på kven som brukar Jotunheimen, og kva for ønskje, bruksmønster m.m. desse har. Resultata skal gå inn i det vidare forvaltningsplanarbeidet for området.

Brukarane fylte ut skjema i registreringskasser som var plasserte ved dei viktigaste stiane inn i Jotunheimen. Om lag halvparten (49 %) av dei registrerte (N=2772) var utlendingar.

2 Nasjonalitet, naturinteresse og tilrettelegging

2.1 Koplinga nasjon - attraksjon

2.1.1 Jostedalsbreen

Jostedalsbreen er den største isbreen på fastlandet i Europa. Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta i oktober 1991, og omfattar eit området på 1230 km².

Bilistane på hovudvegane

Blant utlendingane kom 21 % frå Norden. Tyskarane var den klart største utanlandsgruppa (45 %). Dei som i tabell 2.1 er kalla "Europa elles" kom frå Polen, Belgia , Sveits og Austerrike. "Verda elles" vil seie gjester frå USA, Canada, Israel, Japan, Australia og Sør-Afrika.

Tabell 2.1 Fordeling av utlendingane blant fritidsbilistane rundt Jostedalsbreen.

Sve- rige	Dan- mark	GB / Irl.	Tysk- land	Neder- land	Fr. / Italia	Euro elles	Verda elles	
13	8	4	45	13	6	7	4	100 %
54	34	18	184	54	24	27	17	N=412

Dei som oppheld seg flest døgn i områda rundt Jostedalsbreen er utlendingar busette utanfor Norden. Denne gruppa brukte også i størst grad sidevegane inn til breen. Gjestene frå dei nordiske landa har kortare besøkstid i området enn nordmennene (med unntak av sogn- og fjordingane sjølve som i større grad er på gjennomreise enn andre nordmenn).

Jostedalen

Det var særleg tyskarar (37 %) og nederlendarar (15 %) det var mange av (N=413). 98 % av dei ikkje-nordiske bilistane sa at breen var viktigaste årsaka til besøket i Jostedalen. Blant dei nordiske bilistane var det halvparten som oppgav breen som grunn.

Tabell 2.2 Kvar er fritidsbilistane i Jostedalen busett?

Bustad, fritidsbilistane i	Prosentdel
Jostedalen	
Vestlandet	13
Noreg elles	16
Norden elles:	11
- Sverige	4
- Danmark	7
- Finland	*
Utlandet elles:	61
- Tyskland	37
- Nederland	15
- Storbritannia	3
- Belgia	1
- Sveits	1
- Austerrike	1
- USA	1
- Andre land	2
I ALT	99
N=	413

* Mindre enn 0,5 %

For dei som tok "avstikkarar" til sidedalar (og det var nesten alle), var Nigardsbreen viktigaste reisemålet - den vart sett / besøkt av nesten alle (99 %). 5 - 15 % av utlendingane var også inn til Styggevatnet, Krundalen eller Leirdalen.

For dei som var inn mot Nigardsbreen, køyrde dei aller fleste bomvegen inn mot breen - berre nokre få gjekk til fots frå bommen. 2/3 av svenskane, men berre 1/4 av dei andre nasjonsgruppene heldt seg på parkeringsplassen ved Nigardsvatnet. Dei fleste som var inn til / på breen brukte båten vidare over Nigardsvatnet. Av dei som gjekk stien langs vatnet i staden for å bruke båten, var det relativt flest tyskarar og danskar.

Vel ein fjerdedel av utlendingane overnatta i Jostedalen. Blant dei som overnatta var det flest overnattingsdøgn blant "europearar elles" (2,7 døgn) og færrest blant dei nordiske (1,3 døgn).

Stiane Inn mot breen

Av dei som let seg registrere i kassene inn mot breen (N=3593), oppgav 81 % at dei var på tur for å oppleve breen. Innpå 60 % av alle registrerte var utlendingar. Dei tre viktigaste nasjonane var Tyskland (49 % av utlendingane), Nederland (15 %) og Storbritannia (13 %). Dei nordiske landa utgjorde 9 % av utlendingane. I denne presentasjonen er det også med ei gruppe med "Andre"; dvs. nokre frå Belgia, Sveits, Frankrike, Austerrike og Italia (til saman 8 % av utlendingane).

Det var mest berre nordmenn, samt 20 % av dei nordiske, som hadde turen inn til / på Jostedalsbreen som einaste årsak til at dei var ute på denne ferieturen. Bortimot 3/4 av ikkje-nordiske utlendingar hadde Jostedalsbreen som ein av fleire årsaker til turen.

2.1.2 Briksdalen

Briksdalen er ein sidedal inst i Oldedalen i Stryn kommune, på nordsida av Jostedalsbreen. Hovudattraksjonen er Briksdalsbreen - ein brearm frå Jostedalsbreen. Inst i dalen går det berre ein kjerreveg og med ein påfølgjande sti den siste biten inn mot breen / vatnet som breen munnar ut i.

Her vart 604 utlendingar intervjuja sommaren 1990. I alt er 27 nasjonar representerte i materialet, med tyskarane som den klart største gruppa (35 % av utlendingane). Dei to andre viktige nasjonane er Frankrike (14 %) og Nederland (12 %). Av ikkje-europeiske land var USA best representert (6 %), men her er også nokre turistar frå Japan og Israel (til saman 7 %)

Tabell 2.3 Bustadfordeling blant brukarane av Briksdalen

Bustad	Prosentdel
Vestlandet	12
Noreg elles	20
Norden elles	7
Tyskland	23
Benelux	13
USA/GB	11
Frankrike	9
Japan	3
Israel	2

2.1.3 Sjødalen

Sjødalen er ein sidedal til Gudbrandsdalen. Riksveg 51 gjennom dalen går over til Valdres. Dalen er ein av dei viktigaste innfallsportane til Jotunheimen (via t.d. Gjendesheim / Gjende), og dalen i seg sjølv har synt seg svært attraktiv for t.d. camping - både blant bygdefolk og tilreisande.

Blant utlendingane som campa i Sjødalen (**både på og utanfor campingplassar**, N=227) var tyskarane største nasjonsgruppa (vel 30 %), med svenskar, danskar og nederlendarar som dei andre viktige nasjonane (20 % på kvar). 2/3 av svenske og danske camparane hadde vore i Sjødalen tidlegare, og knapt halvparten av dei hadde overnatta der før. Dei andre

utlendingane vart ikkje spurde om tidlegare kjennskap til Sjødalen.

Det var relativt flest **fricamparar** blant svenskane og danskane (60 %). Over halvparten av dei andre utlendingane, og 65 % av nederlendarane, nytta dei regulære campingplassane (i Sjødalen). Det var særleg øvre del av Sjødalen som vart nytta til fricamping, både av nordmenn og utlendingar.

Tabell 2.4 Bustadfordeling blant dei som fricampa i Sjødalen (N=360)

Bustad	Prosentdel
Austlandet	60
Noreg elles	9
Sverige + Danmark	15
Tyskland	10
Nederland	4
Utlandet elles	2

På eit ope spørsmål, vart "fin natur" den viktigaste enkeltstående årsaka til at ein campa i Sjødalen - halvparten av utlendingane nemnde dette. Denne grunnen var noko hyppigare uttrykt blant dei som fricampa (60 %) enn blant dei på campingplassane, og oftare blant dei ikkje-nordiske enn blant svenskar og danskar. Ein tredjedel av utlendingane nemnde "høva til å gå turar" som grunn, og dette vart nemnt av relativt fleire som nytta campingplassar enn blant dei som fricampa. Også turhøva kan sjå ut til å vere viktigare for dei ikkje-nordiske (særleg nederlendarane) enn for svenskar og danskar. Men fleire av skandinavane (13 %) nemner det meir konkrete "gå Besseggen" som grunn for å velje Sjødalen.

Av andre grunnar: 10 % nemnde Jotunheimen (og særleg tyskarar og hollendarar). Blant dei nordiske var det også 8 % som oppgav fiske som årsaka (og i størst grad dei som fricampa) - dette motivet vart ikkje nemnt av andre utlendingar.

Når det gjeld årsaker til fricamping framfor organisert camping, så er:

- ro og mindre folk / vere meir for seg sjølve,

dei viktigast stikkorda (nemnt at 48 %). Dessutan var det mange som la vekt på det å vere friare enn ein er på campingplassar.

Det er ikkje tilfeldig at utlendingane er i Sjødalen, men Sjødalen er ikkje ein hovudårsak til Noregsopphaldet. Om lag 2/3 av dei frå Norden og mest like mange av dei andre utlendingane, hadde bestemt seg for å overnatte i Sjødalen før dei reiste heimafrå.

Den gjennomsnittlege opphaldstida blant utlendingar i Sjødalen var 4 netter, men innpå halvparten låg der berre ei eller to netter. Det var små skilnader mellom nasjonane, men ein svak tendens til at svenskar og danskar låg der lenger.

Av dei ikkje-nordiske utlendingane hadde rundt 80 % mindre enn 1/4 av samla Noregsopphald i Sjødalen. Svenskane og danskane tok ein noko større del av Noregsturen i Sjødalen. Av alle utlendingar var det berre 7 % som brukte meir enn halve Noregsopphaldet i Sjødalen.

2.1.4 Stabbursdalen

Stabbursdalen nasjonalpark ligg i Lakselv kommune i Finnmark, på vestsida av Porsangerfjorden. Dei viktigaste naturkvalitetane i Stabbursdalen er "verdast nordlegaste" furuskog og den lakseførande og varierte Stabburselva.

Undersøkinga fokuserte også meir generelt på Finnmark og kva som er viktig for å få eit vellykka ferieopphald der.

Nasjonalparken

I den relativt vesle gruppa med utlendingar, var det flest finnar og tyskarar (tabell 2.5).¹ Om lag halvparten av utlendingane hadde bestemt seg for Stabbursdalen før dei reiste heimafrå. Vel 2/3 av utlendingane hadde ikkje vore i Stabbursdalen før. Halvparten av svenskane /

¹ I rapporten vert det atvara mot å bruke data frå nasjonalpark-undersøkinga kvantitativt. Den valde registreringsmetoden legg meir vekt på å få med dei aktuelle brukargruppene, enn å sikre ei representativ fordeling gruppene imellom.

danskane hadde vore der før, og det var også dei som i størst grad hadde bestemt seg for Stabbursdalen før dei reiste heimafrå. 60 % av utlendingane visste at det var ein nasjonalpark i Stabbursdalen, før dei kom dit.

Tabell 2.5 Bustadfordeling blant brukarane av Stabbursdalen (nasjonalpark m.m.)

Noreg	Finland	Sverige	Danmark	Tyskland	Andre	N
86 %	6 %	1 %	1 %	4 %	2 %	638

Opphaldstida i Finnmark var noko ulik mellom dei ulike gruppene. Finnane hadde det kortaste opphaldet (snitt: 2,7 døgn) og "andre utlendingar" det lengste (3,5 døgn). Tyskarane var i gjennomsnitt 3,2 døgn i Finnmark.

Kva var viktig for å få eit **vellykka opphald i Finnmark**? Blant utlendingane var det ein del markante skilnader. For svenskar, danskar og finnar var det eintydig "svært viktig" med fisketurar. Blant dei andre utlendingane var det berre omlag 1/5 som poengterte fisket. For desse var derimot "turar til fots i naturen" svært viktig. Også for dei nordiske gjestene var fotturar viktig, men ikkje så viktig som fisket. Midnattssola blir særleg framheva av tyskarane (82 %). 'Nord-norsk natur' og 'villmark' blir framheva av alle, men særleg av tyskarane. Nordkapp har berre middels appell til utlendingane i nasjonalparken.

Fritidsbilistane

Blant fritidsbilistane på E 6 var finnane den klart største gruppa - faktisk også større enn den norske kontingenten. Blant utlendingar elles var tyskarane best representert (**tabell 2.6**). Det var flest som skulle besøkje Stabbursdalen blant dei som budde lengst vekk - altså blant ikkje-nordiske utlendingar. Omlag 1/4 av desse skulle til Stabbursdalen, samanlikna med berre 14 % av heile gruppa fritidsbilistar. Det var flest danskar og svenskar som ikkje kjende til Stabbursdalen nasjonalpark. Reiseruta i Finnmark var heilt eller delvis planlagt før avreise heimafrå, for 2/3 av desse bilistane.

Tabell 2.6 Nasjonsfordelinga blant fritidsbilistane forbi Stabbursdalen (N=701)

Noreg	Sverige og Danmark	Finland	Tyskland	Andre ¹	N
26 %	13 %	37 %	14 %	11 %	701

¹ Flest frå Nederland, Austerrike, Sveits, Belgia og Frankrike.

Nordmennene oppheldt seg lengst i **Porsanger** kommune (2,1 døgn), finnane kortast (0,5 døgn). Dei tre andre gruppene hadde eit gjennomsnitt på omlag 1 døgn.

Svenskar og danskar oppheldt seg i snitt 4 døgn i **Finmark**¹ og noko over 5 døgn i **Nord-Noreg**. Finnane brukte knapt 4 døgn i Nord-Noreg, og tyskarar og "andre" noko over 7 døgn.

På spørsmål om kva som var **viktig med Finnmarksopphaldet** var det stort sett signifikante skilnader mellom dei fem nasjonsgrupperingane som er nemnt i **tabell 2.7**. Av 16 ulike spørsmål var det berre eitt som ikkje skilde gruppene og det var "rein og lite forureina natur" - dette var svært viktig for alle. Dei to spørsmåla som gav størst variasjon mellom gruppene var "oppleve samisk kultur" og "oppleve Nordkapp". Den samiske kulturen var viktigast for svenskar og danskar, og minst viktig for finnane. Det å oppleve Nordkapp var stort sett rangert høgare enn same-kulturen, men fordelinga mellom nasjonane var den same: Nordkapp var viktigast for svenskar og danskar, og minst viktig for finnane.

Samanlikning mellom fritidsbilistane og nasjonalparkgjestene

På spørsmål om kva som var viktig for **Finmarksopphaldet**, skilde desse gruppene lag på ein del tema, men avgjort ikkje på alle. Både gruppene var svært opptekne av naturoppleving: rein natur, nord-norsk natur og villmark. Men det blir nok lagt ulikt innhald i desse omgrepa, for bilistane generelt klarte seg tydelegvis med ei meir "passiv", visuell oppleving - dei hadde i mindre grad ønskje om fotturar i Finnmarksnaturen eller lyst til å fiske.

¹ Berre nordmenn, svenskar og danskar vart spurte om opphaldstid i Finnmark (norsk skjema).

Tabell 2.7 Kva dei ulike nasjonsgruppene blant fritidsbilistane meiner er viktig for å få ein vellykka ferietur i Finnmark (middelverdiar) (N=701)

Tema	Noreg	Sverige + Danmark	Finland	Tyskland	Andre	Signifikans
Oppløve samisk kultur	2,7 ¹	3,2	2,4	3,0	3,1	*** ²
Andre kulturelle opplevingar	2,6	2,8	2,4	2,7	2,8	**
Aktivitetstilbod for barn	1,9	1,9	2,2	1,4	1,6	***
Høva for å fiske	2,6	2,3	2,5	1,9	2,0	***
Høva for å "shoppe"	2,3	2,4	2,6	2,0	2,3	**
Bra ver	3,8	3,6	3,6	3,4	3,3	**
Turar til fots i naturen	2,7	3,1	2,4	2,9	2,8	***
Ete godt	3,1	2,8	3,0	2,5	2,5	***
Treffe nye menneske	3,1	2,9	2,7	3,1	3,0	**
Natteliv og underhaldning	1,5	1,6	1,8	1,3	1,6	**
Oppløve nord-norsk natur	3,8	3,9	3,9	3,9	3,5	***
Oppløve noko nytt	3,6	3,7	3,7	3,3	3,5	***
Rein og lite forureina natur	3,9	3,8	3,9	3,9	3,8	i.s.
Oppløve midnattssola	3,5	3,8	3,4	3,8	3,7	***
Oppløve villmark	3,5	3,8	3,5	3,7	3,5	**
Oppløve Nordkapp	3,3	3,7	2,8	3,4	3,5	***

¹ Skalaen: 1=Ingen betydning, 2=Liten betydning, 3=Middels betydning, 4=Stor betydning.

² Einvegs variansanalyse (* p<0,05, ** p <0,01, *** p <0,001).

2.1.5 Svalbard

Svalbard er eit særprega, attraktivt og relativt lettligjengeleg arktisk område der reiseliv er eit erklært satsingsområde.

Det er 70 % utlendingar i dette utvalet og tyskarane er den største gruppa med 19 % av totalt utval. Elles er det stor spreiiing på nasjonsfordeling, men med mest berre europeiske nasjonar representerte (**tabell 2.8**).

Tabell 2.8 Nasjonsfordeling i ei turistundersøking på Svalbard, sommaren 1989

Noreg	Andre nordiske	Tyskland- /Belgia	Andre europeiske	Utanom Europa	N
30 %	16 %	19 %	33 %	2 %	402

Dei aller fleste (84 %) hadde friluftsliv/turisme som hovudformål med turen - resten skulle drive forskning, vere med på kurs/konferansar/ekskursjonar eller vitje venner.

Dei to viktigaste grunnane for å vitje Svalbard var 'oppleve urørt villmark' og 'spesielle naturforhold'. Omlag 80 % av brukarane sa at dette hadde stor tyding, og det var liten skilnad mellom nasjonane. Det at Svalbard er eit lettligjengeleg arktisk område hadde middels til stor tyding for 2/3 av gjestene, og det var viktigast for dei norske og nordiske turistane. "Utforskingssmotivet" ser ut til å vere sterkast blant dei ikkje-nordiske europearane - over halvparten av dei sa at det å 'utforske ødemarksområder' hadde stor tyding.

Tre fjerdedelar av dei nordiske og dei ikkje-europeiske turistane, meinte dei absolutt hadde hatt ei villmarksoppleving (med det dei sjølve la i uttrykket) i løpet av turen. Det var turistane frå Tyskland/Belgia som i minst grad hadde hatt ei slik oppleving - omlag halvparten hadde i høg grad hatt ei villmarksoppleving.

Men det var i størst grad dei ikkje-nordiske europearane som meinte at Svalbard var "Europas siste villmark" - over tre fjerdedelar av dei hadde dette synet.

2.1.6 Jotunheimen

Jotunheimen nasjonalpark er den mest alpine av nasjonalparkane våre, og ein av dei med mest intens friluftslivsbruk og turistforeiningsaktivitet.

Halvparten av dei registrerte var utlendingar, og dei fordeler seg på 27 nasjonar. 12 % var frå Norden (hovudsakleg svenskar og danskar) og tyskarane var også her den største gruppa med 20 %.

2.2 Koplinga nasjon - friluftaktivitet

2.2.1 Jostedalsbreen

Fritidsbillistane

Det var utlendingane busett utanfor Norden som var mest aktive brukarar av områda rundt breen til friluftsliv. 62 % av denne utanlandsgruppa hadde utøvd friluftsliv i det aktuelle området, mot 24 - 39 % i dei andre heimstadgruppene.

Det generelle mønsteret for bruk av Jostedalsbre-området er at **di lenger gjestene har reist for å kome dit, di lenger oppheld dei seg der og di meir aktivt brukar dei området (vitjar fleire stader og utøver friluftsliv)**. Det same mønsteret gjeld for dalføra og sidevegane inn mot breen, men blant dei som vart registrerte langs stiane inn til breen var nordmennene dei mest aktive på breen; utlendingane var i større grad nøgde med å gå inn til breen. Det kan skuldast at utlendingane hadde manglande bre-erfaring, for interessa for breen var avgjort tilstades.

Jostedalen

I Jostedalen var det 84 % av dei ikkje-nordiske turistane som ville sjå breen, 26 % ville også gå på breen og 14 % ville gå tur i fjella rundt Jostedalen. Det var nederlendarane som i størst grad ville gå på breen. Dette spegla seg også att i at nederlendarane (30 % av dei) i størst

grad var med på dei guida turane på Nigardsbreen. Dei andre nasjonane gjekk var i større grad berre inn til bre-kanten.

Av dei som sa at dei stoppa også andre stader i Jostedalén enn ved Nigardsbreen, så var det dei ikkje-nordiske turistane som gjekk dei lengste turane vekk frå bilen. Omlag 1/3 av dei meiner dei gjekk lenger enn 1 km - det gjorde berre 10 % av dei nordiske.

Rundt 2/3 av utlendingane (og relativt flest tyskarar) seier at dei gjerne skulle ha gått ein tur på breen. Det er derimot ikkje så mange seier at dei ville ha vore med på eit brekurs for å lære og ferdast på bre - knapt 1/3 kunne ha tenkt seg dette. Det var relativt flest svenskar og danskar som kunne tenkt seg eit slikt kurs.

Stiane inn mot breen

Nordmennene tok i større grad turar oppå breen, enn utlendingane. Det store fleirtalet (80 - 95 %) av ulike utanlandsgrupper var på dagsturar til fots inn til breen (for å sjå på breen). Nokre kombinerte med andre former for tur. T.d. var rundt 20 % av britane, tyskarane og danskane, og 30 % av svenskane også på dagstur oppå breen. Det var få utlendingar som gjekk fleirdagars tur på breen.

Motiv for friluftsliv blant stivandrarane ved Jostedalsbreen

Det vart stilt 14 spørsmål om meir generelle trivsels-moment / motiv i samband med friluftsliv om sommaren. Ved hjelp av faktor-analyse kom det fram fire dimensjonar / faktorar i svar-materialet frå dei ikkje-nordiske utlendingane. Desse fire forklarte 53 % av variansen i materialet.

Dei fire dimensjonane er:

1. Kjent område / natur / sosiale motiv

Her samvarierte spørsmåla om verdien av å kome attende til kjende område, følgje skiftingane i årstidene, vere i lag med venner / familie, bli kjent med nye menneske, stresse ned, og oppleve dyr, fugl og planteliv.

Denne faktoren skilde signifikant mellom ulike land, og var særleg viktig for tyskarane og

amerikanarane, og minst viktig for nederlendarar og "diverse utlendingar".

2. Flukt og fridom

Opplive nye område, sleppe unna daglege plikter, gjere det ein sjølv vil.

Her var det ikkje signifikante skilnader mellom ulike nasjonalitetar, men faktoren gav høgast skåre for "diverse utlendingar" og tyskarar, og lågast for britane.

3. Vere i fred

Vere i fred for andre enn dei ein vil vere i lag med, vere heilt aleine, vere i fred for å tenkje.

Denne faktoren skilde heller ikkje mellom nasjonane.

4. Fysiske utfordringar

Teste kva ein er fysisk god for, bruke kroppen for å kome i betre fysisk form.

Her skilde tyskarane seg markant frå dei andre ved at fysiske utfordringar var lite viktig. Viktigast var det for amerikanarane.

2.2.2 Briksdalen

I Briksdalen tek det om lag 1 time å gå frå Briksdalsbre Fjellstove og inn til breen (vel 2 km). 3/4 av avstanden har kjerreveg der ein kan få hesteskys, og resten av strekninga er det sti med varierende kvalitet.

Over 90 % av utlendingane hadde vore inn til breen / vatnet - relativt flest tyskarar (98 %) og færrest franskmenn (85 %). I valet mellom fottur og hesteskys, hadde dei fleste valt fottur både opp og ned - og det var særleg mange tyskarar som hadde gått. Det generelle mønsteret var at dei fleste europearane (med unntak av svenskar og engelskmenn) gjekk denne turen, medan dei andre nasjonalitetane i like stor grad nytta hesteskys. Amerikanarane brukte i størst grad hest.

2.2.3 Sjødalen

Av ikkje-nordiske utlendingar dreiv 3/4 med friluftsliv i Sjødalen. Den klart viktigaste aktiviteten var "fottur utanom veg", men nokre tok seg også ein fottur langs vegen, fiska eller padla. Flåteferder i Sjøa, samt fjellklatring var det svært få i dette utvalet som dreiv med.

Over halvparten tok ein tur i Sjødalen som var 10 km eller lenger. Det var ingen signifikant skilnad mellom nasjonane, og den gjennomsnittlege turlengda var 18 km.

2.2.4 Stabbursdalen

Fritidsbilistane

Omlag 40 % av fritidsbilistane sa dei hadde utøvd eller hadde planar om å utøve friluftsliv i Finnmark/Nord-Noreg på denne ferieturen, og det var svenskar og danskar, saman med nordmenn som låg over dette gjennomsnittet. Berre 1/4 av "Andre utlendingar" hadde planlagt å drive med friluftsliv. Bilistane nemnde i liten grad kva for aktivitetar dei skulle drive med - det er berre fiske og turar til fots i naturen som fleire enn 5 % har nemnt spesielt. Fotturane er det særleg svenskar, danskar og tyskarar som nemner (i tillegg til nordmennene). Fiske er det først og fremst nordmennene som nemner. Finnane nemner særleg ein aktivitet som mest ingen andre nemner, nemleg fotturar langs veg.

Dei bilistane som sa dei besøkte Stabbursdalen tok i hovudsak berre ein kort dagstur, med opphaldstid på omlag 3 timar.

Nasjonalparken

Undersøkinga blant dei som brukte sjølv Stabbursdalen stadfester at det var dagsturar og også fiske etter laks som var dei viktigaste aktivitetane blant utlendingar. Det var minst viktig for utlendingane å lage bål i samband med friluftslivet i Stabbursdalen.

2.2.5 Svalbard

To tredjedelar av turistane gjekk fottur på Svalbard, og det var særleg mange fotturistar blant dei 'andre nordiske' gjestene (82 %). Dette var den klart viktigaste typen friluftaktivitet. Også klatring/bresport hadde noko utbreiing (omlag 13 %).

2.2.6 Jotunheimen

Jotunheimen blir i grove trekk brukt på to måtar: dagstur eller fleirdagars tur. Det var særleg mange fleirdagsvandrarar blant svenskane (to tredjedelar), og færrest blant dei tyske og nederlandske (ein tredjedel). Med unntak av danskar og svenskar, så var utlendingane i noko større grad på dagstur enn på fleirdagars tur.

Berre ein prosent av brukarane var fiskarar og 4 % nemnde andre formål med turen.

Nordmennene tok dei kortaste fleirdagsturane, med eit gjennomsnitt på 4 døgn og engendarane dei lengste (10 døgn). Også nederlendarane gjekk lange turar (7 døgn). Det er altså ein tendens til at dei utlendingane som tok meir enn ein dagstur gjekk ein relativt lang fleirdagstur.

2.3 Koplinga nasjon - miljøpreferanse / ønskje om tilrettelegging / "urørtheit"?

2.3.1 Jostedalsbreen

Fritidsbilistane

Av dei utanlandske fritidsbilistane (ikkje-nordiske) som var inn til breen, var det ein god del (42 %) som ikkje var nøgde med tilrettelegginga for turistar ved breen. Dei fleste saknar meir **Informasjon**, i form av tavler og brosjyrar.

Jostedalen

Noko over halvparten av svenskane og "Europa elles" sakna meir informasjon om breen. Danskar og nederlendarar sakna i minst grad slik informasjon.

Stivandrarane

Det var særleg mange (rundt 40 %) av dei ikkje-nordiske utlendingane som tykte **stlane** var for dårleg merkte; t.d. meinte 83 % av dei amerikanske gjestene dette. Blant dei nordiske var det rundt 20 % som etterlyste betre merking. Svenskar, danskar, tyskarar og nederlendarar var mest nøgde med stimerkinga.

Men når det galdt haldningane til "**vidare turistutbygging**" meir generelt, så var det nordmennene som var mest positive. 80-85 % av utlendingane (mot 70 % av nordmennene) meinte at "*naturen i området var en stor nok attraksjon for dem, og at videre turistutbygging ikke var nødvendig*". Dette synspunktet var tydelegast blant tyskarar og svenskar, medan dei andre utlendingane fordelte seg omlag som dei norske.

Av dei som ønskte gondolbane opp på / til breen var det flest svenskar (over 20 %), samt danskar og amerikanarar (10 %). Berre 1 % av tyskarane, og 3-4 % av nordmennene og andre utlendingar sakna ein gondolbane opp på / til breen.

Andre tendensar var desse:


- Omlag halvparten av dei frå Storbritannia, Nederland, USA, og "diverse" meinte det godt kunne byggjast fleire turistanlegg rundt Jostedalsbreen, berre det vart gjort konsentrert til der det er utbygging frå før. Berre 10 % av tyskarane og 20 % av dei nordiske meinte dette.
- Nesten ingen (2 %) hadde føretrekt å køyre bil heilt fram til breen.
- Særleg tyskarane (80 %) og nederlendarane (70 %) var motstandarar av "masseturisme", sjølv om denne vart konsentrert til eit par område rundt breen. Omlag 40 % av amerikanarane og "diverse" utlendingar aksepterte dette.
- På påstanden om det var for mange turistar i dei områda ved Jostedalsbreen som ein hadde besøkt, var det berre rundt 15 % som var direkte einig i dette. Dei nasjonane som sterkast ueinig i utsegna var Sverige, USA og "diverse" (75 - 70 %).
- Dei aller fleste (omlag 90 %) meinte at Jostedalsbreen burde vernast som nasjonalpark. Særleg svenskane (97 %) meinte dette.

- Bortimot 3/4 kunne ha tenkt seg å ha vore med på ein guida tur opp på breen, og flest blant dei skandinaviske, tyske og britiske gjestene. Det var flest nederlendarar (1/4) som var direkte uinteresserte i slike turar.

I synet på kva for informasjonsmetodar forvaltninga burde bruke, var det relativt små skilnader mellom nasjonane. Noko over halvparten ønskte bøker / brosjyrar, noko færre ønskte info-tavler ved stistart, og langt færre vil ha info-tavler langs stiane. Det var mest variasjon i synet på info-senter: særleg mange amerikanarar og britar (60 / 55 %), og særleg få svenskar og danskar (6 / 13 %) ønskte slike senter.

2.3.2 Briksdalen

I Briksdalen vart det undersøkt korleis turistane stilte seg til fire hypotetiske tiltak for å lette tilgangen til og betre opplevinga av Briksdalsbreen. Dei fire tiltaka var: utbetring av stien inn til breen, lage bilveg inn til breen, gondolbane opp på breen og guida fottur opp på breen. Det var størst interesse for guida turar og gondolbane (figur 2.1).



Figur 2.1 Haldningar blant turistar i Briksdalen til fire foreslåtte tiltak.

Men det var klare skilnader mellom ulike nasjonar, både når det gjaldt tiltak / ikkje-tiltak, og når det gjaldt type tiltak. Tendensen var at tyskarane skilde seg klart ut blant utlendingane, ved å vere mest negative til tilrettelegging. Dei mest positive nasjonane var Israel og Japan. Den same positive tendensen til tilrettelegging var det blant dei andre nordiske landa.

Det var eit mønster i korleis turistane forholdt seg til desse ulike forslaga om tilrettelegging: **dei som var positive til dei tre fysiske tiltaka var meir negative til forslaget om guida tur, og omvendt.** Dei som var negative til dei fysiske tiltaka (bilveg, gondolbane), grunn gav i hovudsak standpunktet med "øydela natur / øydela naturoppleving / mindre eigna for å gå/mosjonere".

Dei som ville ha guida fottur, kan karakteriserast slik:

- dei yngste deltakarane (15 - 45 år)
- dei med mest friluftslivserfaring
- andre nordmenn enn vestlendingar
- dei tysktalande

Dei som ville ha gondolbane var:

- dei eldste (særleg dei over 65 år)
- andre utlendingar enn dei tyske, og særleg dei engelske, amerikanske, japanske, israelske og dei nordiske turistane.

På spørsmål om det var behov for **meir informasjon**, så var det i størst grad tyskarane som sa nei - ein tredjedel av tyskarane sa dei ikkje hadde behov for meir info. Dei grove tendensane elles var at omlag halvparten av amerikanarane og nesten like mange av svenskane, ville gjerne ha eit info-senter ved fjellstova. Elles var det nokså stor oppslutning om ei info-tavle langs vegen / stien inn til breen, og særleg frå svenskar, tyskarar og gjestene frå Benelux. Halvparten av britane føretrakte informasjon i form av bøker / brosjyrar.

Sjølv om t.d. 3/4 av tyskarane var positive til å bli med på ein guida fottur opp på breen, så var det berre 1/5 av dei som ønskte guiding langs vegen / ved breen som **elt informasjonstiltak**. Det var flest franskmennene (ca. 25 %) som var positive til denne forma for informasjon.

2.3.3 Sjodalen

Problemstillinga i Sjodalen var regulering av fricamping ved å etablere eit tilbod med "fjellcamp-plassar" med enkel service-standard, kombinert med camping-forbode sonar, og det etablerte tilbodet med campingplassar.

Det vart ikkje gjort så djuptgåande intervju med utlendingane som med dei norske fricamparane når det gjeld preferansar og årsaker til at dei fricampa. Det er difor vanskeleg å predikere reaksjonar på reguleringstiltaka. Men utifrå det som er nemnt i kap. 2.1.3 er det sannsynleg at det ikkje vil vere spesielt attraktivt å liggje på fjellcamp-plassane, både utifrå geografisk plassering av desse fjell-campane, sosiale grunnar og andre trivselsmessige moment knytt til det å campe.

2.3.4 Stabbursdalen nasjonalpark

Ein del generelle haldnings- og trivselsspørsmål i tilknytning til friluftslivet, vart faktoranalysert. Det resulterte i tre klare faktorar: 1) Tilrettelegging og tryggleik, 2) Miljøpåverknad og 3) Fridom. Utlendingane var generelt sett meir positive til tilrettelegging enn nordmennene - finnane var mest positive, og svenskar og danskar minst positive. Utlendingane var meir kritiske til miljøpåverknad enn gjennomsnittet av nordmennene, og mest kritiske var tyskarane. Den tredje faktoren omfatta fridom til å velje bålplass og leirplass der ein måtte ønskje. Denne faktoren skilde dei nordiske frå dei ikkje-nordiske utlendingane, i den forstand at finnar, svenskar og danskar (og ikkje minst nordmenn) rekna det som viktig å velje bål- og leirplass fritt.

På spørsmål om reaksjonar på den konkrete tilstanden i Stabbursdalen var det svært få utlendingar (8 %) som meinte der var for mykje folk i dag, og det synt seg også at utlendingane vart mindre irriterte over "sett søppel" enn nordmennene. Same mønsteret kom fram på spørsmåla om slitasje.

Når det gjeld synet på mengda av eksisterande tilretteleggingstiltak, så skilde utlendingane seg lite frå nordmennene. Gjennomgangstonen var at det er passe eller for lite med tiltak. Utlendingane ønskte seg noko meir stimerking enn dei norske. I synet på søppeldunkar var det omvendt: utlendingane sa i større grad at det var bra som det var - nordmennene ville ha

fleire. Det var særleg tyskarar og andre ikkje-nordiske utlendingar som meinte det var nok søppeldunkar.

På forslag om ein del nye forvaltningstiltak (overnattingshytter, tilrettelagde leir- og rasteplassar, nye merkte stiar til indre delar av parken, forbod mot å taka ved i furuskogen, og guida turar), så var utlendingane i **gjennomsnitt** dei mest positive til alle desse. Men det var dels store skilnader innan gruppene så det er lite heldig å bruke gjennomsnittstal. Særleg tyskarane fordelte seg jamt over heile svarskaalen, men med færrast svar på midten ("spelar inga rolle").

Utlendingane skilde seg kraftigast frå nordmennene ved å støtte forslaget om forbod mot å finne bålved i furuskogen. Og dei var mest like nordmennene i det skeptiske synet på guida turar i parken .

2.3.5 Svalbard

Av ulike typar **mlljøpåverknad** (søppel, fly-/helikoptertrafikk, båttrafikk, hytter, restar etter gruvedrift, slitasje på mark og vegetasjon), så var det særleg søppel og deretter slitasje som utløyste flest negative reaksjonar. Det var mest nordmenn og andre nordiske som reagerte negativt på søpla/slitasjen. Elles var det lite som skilde dei ulike nasjonane, men dei ikkje-nordiske europearane reagerte noko meir negativt på restar etter gruvedrift.

Turistane vart konfronterte med påstanden: "Svalbard er for lite tilrettelagt for turisme." Svara varierte mykje, men ikkje systematisk knytt til nasjon. Det var likevel ein tendens til at nordmenn og nordiske turistar i større grad var einige i dette (ca. 25 %) samanlikna med dei andre europearane (ca. 17 %).

Omlag ein femtedel av turistane meinte at 'servicen i Longyearbyen' var dårleg. Det var flest misnøgde blant 'Andre europeiske' (29 %).

2.3.6 Jotunhelmen

Tyskarane var minst nøgde med forvaltninga av i dag. Det vil ikkje seie at dei er direkte misnøgde, men at dei i større grad er berre "ganske fornøyd", samanlikna med dei fleste andre som er "godt fornøyd".

Dei som har vore i Jotunheimen før er i større grad nøgde enn dei som var der for første gong.

3 Reiselivsmessige data

3.1 Opphaldstid i Noreg og tid borte frå heimen

3.1.1 Jostedalsbreen

I Jostedalen

Tyskarane var på dei lengste ferieturane, med eit snitt på 25 døgn. Men dei skilde seg ikkje mykje frå dei andre ikkje-nordiske turistane. Svenskar og danskar var i gjennomsnitt på ein 12 dagars tur.

Tyskarane var også dei som var lengst tid i Noreg - 20 døgn i snitt. Nederlendarane var her 18 døgn og europearar elles i 15 døgn. Men det var desse "europearane elles" som oppheldt seg relativt lengst på Vestlandet - over halvparten av dei var meir enn 3/4 av tida i Noreg på Vestlandet. Vestlandet må også ha vore viktigaste regionen for dei fleste av dei andre utlendingane, i og med at dei oppheldt seg meir enn halve tida der. 80 - 90 % av alle utlendingar seier at dei er på rundreise på Vestlandet.

Stivandrarane

Det var britane og danskane som i gjennomsnitt var kortast tid borte frå heimen (17 / 13 døgn), og "Diverse utlendingar" og tyskarane lengst (29 / 24 døgn).

Opphaldstida i Noreg, følgde omlag same mønsteret. Av dei ikkje-nordiske var tyskarane her lengst (20 døgn) og britane kortast (15 døgn).

Når det gjeld kor stor del av Noregs-opphaldet som var på Vestlandet, så var det britane som var der lengst. 3/4 av britane var meir enn 3/4 av tida på Vestlandet, medan berre 1/3 av nederlendarar og amerikanarar var meir 3/4 av tida på Vestlandet.

3.1.2 Briksdalen

Dei utanlandske turistane i Briksdalen var gjennomsnittleg 18 døgn heimafrå. Det var særleg dei nordiske og dei britiske som låg under gjennomsnittet.

3.1.3 Sjødalen

Danskar og svenskar var mykje kortare tid borte frå heimen (14 - 15 døgn), enn dei andre utlendingane (24 - 27 døgn).

Opphaldstida i Noreg var på knapt tre veker for tyskarane og nederlendarane, og noko lenger for "dei andre". For svenskar og danskar har vi ikkje opplysningar om opphaldstida.

3.1.4 Stabbursdalen

Nasjonalparken

Finnane var kortast tid borte frå heimen med eit gjennomsnitt på 11 døgn. "Andre utlendingar" hadde dei klart lengste turane (gjennomsnitt 38 døgn bort frå heimen), men i denne gruppa var det nokre få ekstreme langreiser som drog opp gjennomsnittet. Tyskarane hadde ei gjennomsnittleg turlengde på 28 døgn, og danskar og svenskar på 17 døgn.

Fritidsbillstane

Den **samla ferielengda** følgde eit logisk mønster: dei som kom lengst-vekk-i-frå, hadde også dei lengste ferieturane. "Andre" hadde dei lengste turane med eit gjennomsnitt på 29 døgn og tyskarane hadde eit snitt på 26 døgn. Det var finnane som tok dei kortaste turane (også kortare enn nordmennene) med ein gjennomsnittstur på 10 døgn. Det var også finnane som hadde minst variasjon i ferielengda (dvs. lågast standardavvik).

Vi har data om **opphaldstid i Noreg** for finnar, tyskarar og andre. Finnane var (i snitt) berre 4 dagar i Noreg. Tyskarane var her 14 dagar og "Andre" i 15 dagar.

3.2 Reisefølgje

3.2.1 Jostedalsbreen

Stivandrarane

Vi har berre med spørsmål om kven dei gjekk saman med, dei som tok turar inn til / på breen. For utlendingar vil nok dette ofte samsvare med kven dei var i lag med på heile ferieturen.

Halvparten eller fleire går på tur i lag med familien (flest blant britane (2/3), og færrest blant svenskane (2/5)). Svært få går aleine, og få er det også som er på organiserte turar (flest svenskar - 15 %).

3.2.2 Briksdalen

Det var særleg mange på organisert tur blant dei franske (61 %), men også mange reiseselskap blant svenskar, amerikanarar og dei ikkje-europeiske utlendingane.

Vennegrupper var det relativt flest av blant britane (31 %) og særleg få blant dei franske (9 %). Sverige og USA hadde relativt flest familiegrupper med barn, og dei tyskspråklege, Benelux og Europa elles i størst grad saman med ektefelle / sambuar.

3.2.3 Sjødalen

27 % av dei ikkje-nordiske utlendingane hadde med seg barn, og dei fleste barna var i aldersgruppa 7 - 14 år. I gjennomsnitt var det 3 personar i reisefølgjet for alle nasjonalitetane, men meir enn halvparten av reisefølgja var som par.

3.2.4 Stabbursdalen

Nasjonalparken

Brukarane av nasjonalparken er enten på vennetur eller familietur. Finnane er i noko større grad på vennetur enn resten av utlendingane. Svært få dreg aleine, men det er ofte grupper på to og to. Svært få i vårt materiale kom i organiserte grupper.

3.2.5 Jotunheimen

Dei aller fleste besøkjande går ein uorganisert tur i Jotunheimen, og det er liten skilnad mellom nasjonane. Den gjennomsnittlege gruppestørleiken er 3,6 personar, og det er særleg 'Europa elles' som går i store grupper (5,4 personar). Nederlendarane og dei 'ikkje-europeiske' turistane går i dei minste gruppene (gjennomsnitt på 2,7 og 2,9 personar).

3.3 Tidlegare kjennskap til området / Noreg

3.3.1 Jostedalsbreen

I Jostedalen

Vel 3/4 av utlendingane hadde ikkje vore i Jostedalen eller ved Jostedalsbreen tidlegare. Det var i størst grad svenskane og danskane som hadde vore der før.

Stivandrarane

Noko over halvparten av dei ikkje-nordiske utlendingane hadde vore i Noreg før. Av desse hadde over 90 % vore på Vestlandet. Det var Nord-Noreg som færrest hadde kjennskap til frå før.

Rundt 30 % hadde også vore ved Jostedalsbreen tidlegare. Det er verdt å merke at langt færre av svenskane (og danskane) hadde vore der før, samanlikna med turistane frå Storbritannia, Tyskland, Belgia og Nederland.

3.3.2 Briksdalen

Berre ein liten del av utlendingane (5 %) hadde tidlegare vore i Briksdalen. Det var t.d. ingen av svenskane som hadde vore der før, men 9 % av britane.

3.3.3 Sjudalen

2/3 av tyskarane hadde vore i Noreg tidlegare, men ned mot halvparten av camparane frå Nederland, og berre 1/3 av dei andre ikkje-nordiske utlendingane.

Omlag halvparten av svenskane og danskane hadde tidlegare overnatta i Sjudalen, og ein god del hadde tidlegare køyrt gjennom dalen. Berre 1/3 hadde ikkje vore i Sjudalen før.

3.3.4 Stabbursdalen

Nasjonalparken

Danskar og svenskar hadde i størst grad vore i Noreg før (over 90 %), dinest finnar (80 %). 60 % av utlendingane elles hadde vore i Noreg før. Det same mønsteret går att når det gjeld kor mange gonger dei har vore her.

Halvparten av svenskane og danskane hadde vore i Stabbursdalen før og omlag ein tredjedel av finnane.

Fritidsbilistane

Datamaterialet gjev opplysningar om tidlegare Noregs-erfaring blant utlendingane, bortsett frå blant svenskar og danskar. Tre fjerdedelar av finnane, halvparten av tyskarane og ein tredjedel av "Andre utlendingar" har vore i Noreg før. Det er liten skilnad mellom desse tre nasjonsgruppene når det gjeld kor mange gonger dei har vore her - gjennomsnittet ligg på 3 tidlegare turar.

60 % av finnane har vore i Nord-Noreg før, men dei har i langt mindre grad vore lenger sør i landet. Dei tyskarane som har vore i Noreg før har særleg vore på Vestlandet. "Andre utlendingar" har vore omtrent like lite i alle landsdelar.

3.3.5 Svalbard

Tre fjerdedelar av turistane har ikkje vore på Svalbard før, og det er liten skilnad mellom nasjonane.

Den siste fjerdedelen av turistane har vore der frå 1 til 16 gonger før - innpå halvparten har vore der 2 gonger før. Dei frå Tyskland/Belgia har gjennomsnittleg noko færre turar bak seg enn resten.

3.3.6 Jotunheimen

Mellom 20 og 30 % av dei ikkje-nordiske europearane har vore i Jotunheimen før, og omlag 15 % av dei ikkje-europeiske.

Dei nordiske brukarane og i særleg grad nordmennene har i langt større grad vore i området før: halvparten av svenskane, 60 % av danskane og 70 % av nordmennene.

3.4 Planlegging av turen

3.4.1 Jostedalsbreen

I Jostedalen

Vel halvparten av utlendingane hadde planlagt å vitje Jostedalen før dei reiste heimafrå. Resten hadde bestemt seg undervegs, med unntak for nokre svært få som bestemte seg då dei såg skiltet til Nigardsbreen. Denne fordelinga var omlag lik for alle nasjonalitetane, men det var nokre fleire svenskar og danskar som hadde bestemt seg då dei såg Nigardsbrenskiltet.

3.4.2 Briksdalen

Noko over 1/3 av utlendingane hadde planlagt besøket i Briksdalen før dei reiste heimafrå. Det var i særleg grad svenskar, britar og gjestene frå Benelux som hadde bestemt seg så tidleg. I tillegg kom dei som reiste organisert og som hadde besøket i Briksdalen som ein del av reiseopplegget - desse utgjorde også omlag 1/3 av utlendingane samla, men bortimot 2/3 av dei frå Frankrike og frå USA. Blant resten av gjestene var det noko fleire som hadde bestemt seg undervegs enn som bestemte seg etter at dei kom til området.

Det var berre knapt 10 % av utlendingane som hadde Briksdalen som viktigaste eller einaste årsak til ferieturen, og det var relativt flest blant franskmennene (18 %). 1/4 visste ikkje om Briksdalen då dei starta denne ferieturen, og også denne gruppa var størst blant franskmenn, samt blant amerikanarane (50 %). Bortimot halvparten sa at Briksdalen var berre ein av fleire årsaker til turen.

3.4.3 Sjødalen

Halvparten av tyskarane og to tredjedelar av svenskane hadde planlagt å overnatte i Sjødalen før dei reiste heimafrå. Tala for dei andre nasjonane låg imellom desse to. Dei fleste andre hadde bestemt seg undervegs, og berre ein mindre del bestemte seg etter at dei kom til

Sjodalen (t.d. berre 5 % av nederlendarane).

3.4.4 Stabbursdalen

Nasjonalparken

Omlag halvpart hadde 'delvis planlagt' reiseruta i Finnmark, før dei reiste heimafrå, og det var liten skilnad mellom nasjonane. Blant resten var det ei overvekt som hadde planlagt "ganske nøyaktig", med unntak av "andre utlendingar" (enn dei nordiske og tyske) som hadde ei lite planlagt reiserute.

Det var nokre heilt få finnar og svenskar som berre besøkte Stabbursdalen.

Fritidsbillstane

Svenskar og danskar hadde planlagt turen i Finnmark nøye. Tyskarane og særleg "Andre utlendingar" hadde berre ei 'delvis' eller 'lite planlagt' reiserute i Finnmark.

3.5 Friluftslivserfaring

3.5.1 Jostedalsbreen

Stlvandrarane

Nordmennene som gjekk på / inntil breen hadde mest erfaring frå friluftsliv; det var langt større variasjon blant utlendingane. Det var også langt færre av utlendingane (særleg dei busett utanfor Norden) som hadde vore på bre tidlegare.

På spørsmål om kor mange år ein hadde gått fleirdagstur til fots / på ski, så var det tyskarane og nederlendarane som i størst grad (2/3) aldri hadde vore på slike turar, og det var også desse to gruppene som hadde færrest med lang friluftslivserfaring (> 10 år).

3.5.2 Briksdalen

Berre 15 % av utlendingane hadde tidlegare vore på ein bre / brearm. Ingen av svenskane hadde vore på bre, men rundt 1/5 av tyskarane og franskmennene.

På spørsmål om lengste fotturen i naturen siste året, så hadde omlag halvparten gått ein tur som var lenger enn 10 km. Dei landa som hadde flest erfarne fotturistar var Tyskland og "Europa elles", med 2/3 som hadde gått lenger enn 10 km. Det var særleg franskmenn, amerikanarar og andre ikkje-europearar som var lite erfarne - omlag 1/3 av desse hadde ikkje gått fottur, eller kortare enn 1 km.

3.5.3 Sjodalen

Over to tredjedelar av utlendingane hadde gått ein tur som var lenger enn 10 km i løpet av siste året, og berre knapt 10 % rekna seg som "ikkje-turgåarar" siste året.

3.5.4 Stabbursdalen

Nasjonalparken

Brukarane var stort sett svært erfarne friluftslivsutøvarar, men det var særleg blant nordmennene. Blant dei som aldri hadde vore på **fleirdagstur før** (7 %), var bortimot halvparten utlendingar. Utlendingane var - grovt sett - enten heilt uerfarne eller svært erfarne, og det skilde lite mellom ulike nasjonalitetar.

På spørsmål om **lengste fottur** i løpet av siste år hadde nesten alle gått ein tur som var lenger enn 10 km, med unntak av 40 % av finnane.

Fritidsbillistane

For alle nasjonalitetar (også Noreg) var det omlag 10 % som ikkje hadde vore på nokon fottur

i naturen siste året, med unntak av svenskar/danskar som hadde mest ingen utan slik turerfaring. Halvparten av alle tyskarar, svenskar og danskar hadde gått ein tur lenger enn 10 km; det hadde berre fjerdeparten av finnane gjort.

3.5.5 Svalbard

Turistane vart spurde kor mange sesongar (sommar/vinter) dei har drive med fleirdagsturar i fjellet. Rundt 20 % har ikkje slik gått slike fjellturar og relativt flest blant turistane frå Tyskland/Belgia er utan langturerfaring (34 %). Dei fleste som har slik erfaring har også lang erfaring. Det gjeld særleg blant dei norske, men også for dei andre nordiske. Ein tredjedel av dei norske har meir enn 16 sesongar med fjellturar.

Det er også dei norske som reknar seg som mest erfarne i høve til den type aktivitet som dei dreiv med på Svalbard. Dette spørsmålet gjaldt korleis turisten sjølv vurderte sitt "ferdighetsnivå". To tredjedelar av dei norske og noko færre av dei andre nordiske turistane, rekna seg som erfarne eller svært erfarne. Under halvparten av turistane frå Tyskland/Belgia og ned mot ein tredjedel av dei andre europeiske rekna seg til same erfaringsnivået.

3.5.6 Jotunheimen

Det er flest nederlendarar (47 %) og tyskarar (36 %) som ikkje tidlegare har vore på fleirdagars tur i fjellet (til fots eller på ski). Mest erfaring er det blant dei norske og svenske, samt blant dei som har reist lengst - dei 'ikkje-europeiske'. Desse ikkje-europeiske utlendingane er (i grove trekk) heilt uerfarne eller svært erfarne.

4 Konklusjonar

4.1 Opphaldstid og attraksjon

Utlendingars reiser i Noreg er **mykje reise (rundturar) og mindre av lange lokale opphald**. Det er særleg tydeleg i Finnmark, men tendensen er den same sørpå. Det kan difor vere villeiande å fokusere mykje på kven som oppheld seg og kvifor dei oppheld seg akkurat der spørjeundersøkinga vart gjort. Det er derimot viktig å finne ut kva folk gjer i løpet av dei mange opphalda sine, og i tillegg undersøkje korleis dei ønskjer å "møte Noreg". Kva slag servicegrad vil dei ha? Ønskjer dei "turistifisering" (tilrettelegging/utbygging) eller vil dei ha naturen naturell og kulturen autentisk?

Alle del-undersøkingane som denne rapporten byggjer på er lagt til område med storslegen eller på annan måte særprega og attraktiv natur. Det er ingen tvil om at nettopp naturen (i vid forstand) er ein hovudattraksjon for dei fleste turistane. I Jostedalen oppgav nær på alle ikkje-nordiske utlendingar at det å oppleve breen var hovudårsaka til besøket. I Sjdalen var "fin natur" viktigaste enkeltårsaka til at ein campa der. På Svalbard var villmark og spesielle naturforhold viktigast. Blant fritidsbilistane i Finnmark var det dei meir generelle vurderingane som å "oppleve rein natur", "nord-norsk natur", "midnattssol" og "villmark" som vart rekna som særleg viktige (**tabell 2.7**). Desse kvalitetane skil heller ikkje mykje mellom ulike nasjonar. Meir spesifiserte kvalitetar/attraksjonar (som t.d. oppleve Nordkapp, samisk kultur, turar til fots, fiske) gjev større utslag nasjonane imellom.

Det er visse mønster i sjølve reiseåtferda som skil ulike nasjonsgrupper. Dei ikkje-nordiske utlendingane oppheldt seg i fleire døgn ved dei kartlagde naturattraksjonane på Vestlandet og i Finnmark, enn dei nordiske gjestene. Forhåndskunnskapen om desse attraksjonane var også høgast hjå dei ikkje-nordiske gjestene. Rundt Jostedalsbreen var britane ei noko avvikande gruppe ved at dei hadde eit relativt kort Noregsopphald (omlag på nivå med dei nordiske gjestene), men dei var til gjengjeld svært spesialiserte på Vestlandet. Sjdalen skilde seg noko frå dette mønsteret. Her hadde dei svenske og danske turistane både mest tidlegare erfaring frå dalen, i størst grad planlagt å overnatte i dalen og også lengst opphaldstid i dalen.

Eit viktig trekk er at svært mange utlendingar er på **godt planlagde Noregs-turar**; dei er i liten grad på tilfeldige eller improviserte reiser. Det kan likevel sjå ut til at dei ikkje-nordiske utlendingane som er i Nord-Noreg har ein opnare rundtur på programmet og i mindre grad ei

presis reiserute.

4.2 Val av friluftaktivitetar

Di lenger turistane rundt Jostedalsbreen har reist for å kome dit, di meir aktive er dei under opphaldet; dvs. at dei oftare tek lokale avstikkarar og oftare utøver friluftsliv. Men det er eitt viktig unntak: Relativt få av desse langreisande går fleirdagsturar på sjølve breen. Det er det hovudsakleg nordmennene som gjer. Undersøkinga i Jotunheimen stadfester mønsteret med at der er svært mange utlendingar inne i nasjonalparken/i friluftsområdet. I Stabbursdalen i Finnmark er derimot mønsteret heilt annleis, med svært stor dominans av nordmenn.

Desse mønstra og regionale skilnadene ser ut til å henge i hop med kva slag aktivitetar områda hovudsakleg vert brukt til. Jostedalsbreen og Jotunheimen (og også Svalbard) er først og fremst fotturområde, medan Stabbursdalen har laksefiske som den viktigaste og mest særprega aktiviteten. Fisket har i all hovudsak appell til dei norske og nordiske brukarane. Nord-Noreg har også i liten grad ein fotturtradisjon og lite av tilrettelegging for dette. Det ser ut til at dette kan påverke korleis dei ikkje-nordiske utlendingane brukar og oppfattar naturen i landsdelen. Svalbard fell ikkje inn under den nord-norske tradisjonen: På Svalbard er det naturopplevingsturane (fottur) som er den klart viktigast aktivitetsforma.

4.3 Miljøkrav og informasjonsbehov

4.3.1 Miljøpåverknad

Som sagt tidlegare reknar dei aller fleste utanlandske turistane 'natur' og 'rein natur' som svært viktig. Men kva slag natur ein meiner når ein framhevar "rein" natur, "urørt" natur eller "villmark" vil variere. T.d. i Stabbursdalen nasjonalpark kom det klart fram at utlendingane (og særleg tyskarane) var meir negative til miljøpåverknad enn nordmennene (som svar på generelt forma spørsmål). Men på spørsmåla om tilstanden konkret i Stabbursdalen reagerte t.d. utlendingane mindre negativt enn nordmenn på opplevde søppelmengder og slitasje, og det var også færre utlendingar enn nordmenn som tykte der var for mykje folk. Dette bør ikkje tolkast som inkonsistente svar, men som uttrykk for ulike individuelle toleransegrenser for kva

som er akseptabel miljøpåverknad. Resultata frå Svalbard stadfester at nordmenn og dei nordiske gjestene reagerte sterkast negativt på søppel og slitasje. Dei ikkje-nordiske europearane reagerte sterkast negativt på restar etter gruvedrift.

4.3.2 Tilrettelegging

Fysisk tilrettelegging er også knytt til miljøkvalitet, i den forstand at eit fysisk tiltak er eit innslag i miljøet og difor ein påverknad (positiv eller negativ) av miljøet. Men tilrettelegging kan like gjerne sjåast - slik det oftast er meint - som eit hjelpetiltak for brukaren eller som eit tiltak for å skåne naturen mot uønskte påverknader.

Når brukaren har svart på våre spørsmål om ønskt tilrettelegging, er det usikkert kva slag vurderingar han har lagt til grunn. Men vi har indikasjonar på at både vurderingsmåtane er aktuelle: i Stabbursdalen vart dei fysiske tilretteleggingstiltaka oppfatta som forvaltningstiltak, i Briksdalen vart slike tiltak av mange oppfatta som tiltak som reduserer miljøkvaliteten (sjå nedanfor).

Brukarane i Stabbursdalen nasjonalpark forholdt seg nemleg til tilrettelegging som eit samla fenomen og som noko anna enn miljøpåverknad. Det syner resultatet av faktoranalysen der 'miljøpåverknad' og 'tilrettelegging' kjem ut som to ulike dimensjonar, og det er utlendingane som er mest positive til tilrettelegging (t.d. merkte stiar, overnattingshytter, leir- og rasteplassar m.m.). Konkret så ønskte dei seg t.d. meir stimerking enn det nordmennene gjorde, men for talet søppeldunkar var det omvendt. Synet på eventuelle nye tiltak synte klart at 'utlendingar' er ei gruppe som ikkje er einsarta i sine preferansar, og at gjennomsnittstal gjev eit lite nyttig bilete: sjølv om utlendingane i snitt var mest positive til nye tiltak var det store sprik også innafør kvar enkelt nasjonsgruppe. Også på Svalbard var det stor variasjon i om ein ønskte meir tilrettelegging eller ikkje, men her var det dei norske og nordiske turistane som i størst grad meinte at Svalbard var for lite tilrettelagt. Men det var ein minoritet - også blant dei nordiske - som ønskte meir tilrettelegging.

Rundt Jostedalbreven (stivandranen) var det omlag 15-20 % av utlendingane som ønskte "vidare turistutbygging", og særleg få var det blant tyskarar og nederlendarar. Det var derimot fleire som ønskte ei betre stimerking i området, men også dette var minst uttalt blant dei tyske og nederlandske, samt blant dei nordiske. Det var jamt over lita interesse for gondolbane opp

på/til breen særleg blant dei tyske og norske. Det var størst oppslutning om ein slik bane blant svenskane (20 %). Dette mønsteret går delvis att i Briksdalen der fysisk tilrettelegging viste seg å bli oppfatta som ein motsetning til "mjukare tiltak" som det å arrangere guida turar opp på breen. Her var det nettopp gondolbane som fekk størst oppslutning av dei fysiske tiltaka, og av utlendingane var det særleg japanarar, israelittar og amerikanarar som var positive til gondolbane. Men generelt sett var alle utlendingar - med unntak av tyskarane - meir positive til gondolbane enn dei norske. Det er likevel viktig å poengtere at andre kriterier, særleg alder og friluftserfaring kanskje er meir bestemmende enn nasjonalitet. Det var nemleg dei eldste og minst turerfarne som ønskte seg gondolbane. Dei som var negative til fysiske tiltak grunngav i hovudsak dette med "øydelt natur og naturoppleving" - altså at tiltaka blir oppfatta som ein negativ miljøpåverknad.

4.3.3 Informasjon

Mange av turistane - oftast rundt halvparten i dei ulike undersøkingane - ønskjer seg meir informasjon om dei attraksjonane/naturen dei kom for å oppleve. Men det er noko variasjon i korleis dei ønskjer seg denne informasjonen. Skriftlege kjelder (hefte/brosjyrar) og informasjonstavler ved stistart/innfallsportar får stort sett tilslutning. Derimot er det meir skepsis til å plassere info-tavler inne i sjølve turområdet. Det er også svært varierende oppslutning om info-senter og om guida turar i dei ulike delundersøkingane. Når det gjeld dei guida turane så kan ulike haldningar til desse skuldast dei svært ulike motiva ein måtte ha for å ønskje/ikkje ønskje guida turar. Dei som ønskjer slike turar kan gjere det av tryggleiksmotiv, sosiale motiv, ulike læringsmotiv eller natur-/kulturopplevingsmotiv. Det er difor for enkelt å kople guida turar berre til eit informasjonsbehov. Enkelte kan også vere motstandarar av slike turar (og av informasjonstiltak generelt) fordi det kan oppfattast som reklametiltak som vil gje auka bruk av eit område.

4.4 Tidlegare område- og Noregserfaring

Gjennomgåande har over halvparten av utlendingane i kvar delundersøking vore i Noreg før. Naturleg nok er det flest nordiske som har vore her før, men også særleg mange av tyskarane.

Det er oftast langt færre som tidlegare har vore i det konkrete området der undersøkinga vart gjort, men her er det store skilnader mellom undersøkingane. T.d hadde over halvparten av både svenskar og danskar i Jotunheimen vore i området før, og det same mønsteret går att i Stabbursdalen og i Sjødalen. Undersøkingane rundt Jostedalsbreen syner i mindre grad at folk kjem att til same staden, men svært mange har vore på Vestlandet før. Det er relativt flest førstegongsgjester på Svalbard.

4.5 Friluftslivserfaring

Dette er også eit tema som syner stor variasjon. Intervjulokaliteten avspeglar langt på veg svarmønsteret: når ein intervjuar i eit fottur- og friluftsområde (Stabbursdalen, Jotunheimen, Svalbard, stiane inn mot Jostedalsbreen) treffer ein turistar med meir erfaring enn når ein intervjuar fritidsbilistar.

I desse omtalte friluftsområda er det særleg nordmennene som har mykje tidlegare turerfaring, både i form av lange turar i løpet av siste året og mengda fleirdagsturar i skog eller fjell. Rundt Jostedalsbreen var det også klart flest nordmenn som hadde tidlegare breerfaring. Men også i turområde som t.d. Jotunheimen og i Stabbursdalen møter ein variasjonen: utlendingane er dels svært erfarne friluftsfolk og dels heilt uerfarne. Finnane på ferie i Finnmark ser ut til å ha dels svært lita friluftserfaring, og skil seg slik sett både frå dei andre nordiske turistane og frå utlendingane generelt.

5 Litteratur

Aas, Ø. & Vorkinn, M. 1991. Holdninger til fire tiltak som øker tilgjengeligheten til naturattraksjoner - en intervjuundersøkelse blant turister i Briksdalen, Nordfjord. - NINA forskningsrapport 21.

Kaltenborn, B. P. 1991. Utkast til forvaltningsplan for turisme og friluftsliv på Svalbard. - Norsk Institutt for naturforskning.

Kellert, S.R. 1993. Attitudes, Knowledge and Behavior Toward Wildlife Among the Industrial Superpowers: United States, Japan and Germany. - Journal of Social Issues 49/1.

Vistad, O. I. & Vorkinn, M. 1992. Bruk og forvaltning av Stabbursdalen nasjonalpark. Resultat frå ei før-undersøking. -NINA Utredning 36.

Vorkinn, M. 1992. Mulige effekter av å opprette Jostedalsbreen nasjonalpark for friluftslivet og reiselivet - Resultater fra før-undersøkelsene. - NINA utredning 33.

Vorkinn, M. 1993. Fra fricamping til villcamping: Effekter av å regulere fricampingen i Sjødalen. Resultater fra før-undersøkelsene. - NINA Utredning 43.

Vorkinn, M. & Kaltenborn, B. P. Upubl materiale frå brukarundersøking i Jotunheimen, sommaren 1992.

253

nina
oppdrags-
melding

ISSN 0802-4103
ISBN 82-426-0431-2

Norsk institutt for
naturforskning
Tungasletta 2
7005 Trondheim
Tel. 73 58 05 00